

Nei til utbygging av vindkraft i Kvinnherad og elles i landet / Høyring frå Valestiftinga til Nasjonal Ramme For Vindkraft

Mange kommunar i distrikta, med unntak av det sentrale Austlandsområdet, er no utsatt for ei massiv vindkraftutbygging som anten er fullført, under oppføring basert på gamle konsesjonar, eller under utgreiing i NVEs: «Nasjonal Ramme for Vindkraft.»

Valestiftinga, som med dette sender over si høyring, er i lokal stifting i bygda Valen i Kvinnherad. Stiftinga har som oppgåve å ta vare på og sikre kultur og infrastruktur knytt opp mot Valen psykiatriske sjukehus frå 1910. Sidan stiftinga vart etablert i 2004 har ein m.a. jobba med å ta vare på historia knytt opp mot sjukehusdrifta m.a. den gamle kraftstasjonen frå 1910 (støtta av Hordaland fylkeskommune), Valekaia med Valebuo der dei første pasientane kom frå Bergen og sjukehusmuseet frå 2010.

I Kvinnherad er 85% av vassdraga bygd ut både gjennom omfattande vasskraftutbygging dei siste 70 åra og påfølgande utbyggingar fram til i dag, samt mange småkraftverk dei seinare åra. 3% av grøen energi i Noreg blir produsert i Kvinnherad og dette set sitt preg på store delar av naturen med anleggsvegar, regulerte vatn og elvar, store damanlegg, høge mastar, tippar og fyllingar.

Utbygging av vindmølleanlegg vil, slik vi ser det, øydeleggja desse enda vakre landskapa sin verdi som friluft og rekreasjonsområde med skadeverknader på natur, artsmangfald, dyr, fugl og insektsliv. Desse inngrepa vil vera permanente og irreversible i form av opptil 250 m høge turbinar med støy opp mot 110 desibel, blinkande høyintensitets lys og farlege iskast frå turbinane. Landskapet vil bli omgjort til eit industriområde med massive inngrep i form av skjæringar, oppstillingsplassar og anleggsvegar.

Tilgang til vakker natur og friluftsliv er ei særskild viktig kvalitet for at folk ønsker å busette seg i Kvinnherad. Utbygging av vindmøller og rasering av natur vil truleg verka negativt i høve tilflytting og rekruttering til lokalt arbeidsliv, livskvalitet, trivsel og folkehelse generelt.

Valen sjukehus er eit levande og moderne psykiatrisk sjukehus med akuttpostar og langtidspostar inkludert lokal eining for sikkerheit i Helse Fonna. Valen sjukehus og Folgefonn DPS har i dag omlag 55 plassar for inneliggjande pasientar. Behandlarar ved sjukehuset opplysar at ei utbygging med synlege vindturbinar i sterk grad vil påvirke drifta og vera negativt for behandlingstilgjenge. Bruk av natur og friluftsliv alltid har vore ei viktig del av terapien og behandlingsfilosofien. «Lokalisering av store turbinar med støy, skyggekast og blinkande, kontinuerleg ljøs nattestid vil øydelegge området som terapeutisk miljø, opplysar behandlarane. Fleire av dei gamle sjukehusbygningane, sjukehusparken, sjukehusmuseet, sjukehuset sin gravlund, den gamle kraftstasjonen frå 1910 og delar av den øvrige infrastruktur inngår dessutan i «Verneplan for sjukehus». Også av denne grunn vil vindmøllelokalisering i området vera særskild negativt.

I Rammeplanen for vindkraft s. 173 heter det under punktet reiseliv: «Hardangerfjordregionen er profilert som en av de mest berømte fjordene i Norge, med spektakulær natur og noen av de mest imponerende foturene i Norge». Like fullt er moglege vindkraftområde peika ut kloss i nasjonalparkgrensa og ei eventuell utbygging vil sterkt forringa kvalitetane nasjonalparkstatusen skal ivareta og friluftsliv og turisme knytta opp mot denne. I utkantbygdene Matre, Åkra og Åkrafjorden viser ein kjapp lokal gjennomgang 33 ulike aktivitetar basert på økoturisme, frå hytteutleige til organisert jakt og turar til fjells og på fjorden. Dette er særskilde viktige aktivitetar og næringar som er med å halda liv i desse bygdene og som samstundes gjer at natur- og kulturlandskap blir ivaretatt. Vindmøller i dette landskapet vil fullstendig øydeleggja naturen og føresetnadene for denne

økoturismen og mykje av livsgrunnlaget for desse bygdene både på Kvinnherad og Etnesida av Åkrafjorden. Kvinnherad er forøvrig landets største hjortekommune og har og en stor rådyrstamme, dessutan er fjellbeita viktige for sau. Det er og påvist bestandar og observasjonar av sjeldne og trua fugleartar som fjellvåk, tiur, orre, skogsfugl, hubro, vandrefalk, tårnfalk, fjellvåk, musvåk, hønsehauk, spurvehauk, storlom, storspove, bekkasin, rødstilk, heilo, rype, haukugle, kattugle, slagugle, kongeørn, og havørn i fjellområda og rev, mår, hare, snømus og røiskatt. Det blir og meldt om sporadiske observasjonar av gaupe og jerv.

Tidlegare informasjonsdirektør i NVE Sverre Sivertsen kallar den pågåande vindkraftutbygging ein *Energipolitisk skandale* i (Adresseavisa 02.06.19) m.a. ut frå følgande:

- Utbygging tufta på statlege subsidiar og skattlegging favoriserar vindkraft så mykje at betre, billigare og meir skånsomme alternativ som enøk og oppgradering av eldre vasskraftverk blir mindre lønnsame. Dette medfører at private selskap får gjera uboteleg skade på nasjonale naturverdiar utan å betala ein øre til samfunnet for øydeleggingane.
- Kraftig subsidiering gjennom grønne sertifikat og gratis tilgang til nyetablert straumnett, som vil vare til 2021 då ordninga med grønne sertifikat fell vekk.

Når og viss ein skal byggja ut vindkraft synes det, av mange grunnar, langt meir fornuftig å satsa på havvind.

- Vindressursane i Nordsjøen er stabile og gjennomsnittleg vindstyrke er ideell for vindkraft.
- Noreg er verdsleiande når det gjeld kompetanse på offshoreteknologi og mange bedrifter meiner det er på høg tid at en politisk satsar på denne framtidige vekstsektoren som kan bli stor.
- Havvind vil med fornuftig utbygging vera langt mindre konfliktfylt enn vindkraft på land.

I tillegg har ein sjølv sagt andre alternative energikilder som solenergi, jordvarme, bioenergi og på sikt bølgekraft og havstrøm og kanskje meir problematisk og omdiskutert thorium og atomkraft.

Utover det faktum at meir energi kan utviklast på langt meir skånsomme måtar finns det fleire problemstillingar og dilemma knytta opp mot utbygging av landbasert vindkraft:

1. Kan massiv og permanent øydelegging av natur og artsmangfald forsvarast juridisk ut frå Allemansrettens prinsippar, Lover som regulerer bruk og misbruk av natur og dyrevelferd eller Grunnlovens paragraf 112: «Enhver har rett til et miljø som sikrer helsen, og til en natur der produksjonsevne og mangfold bevares. Naturens ressurser skal disponeres ut frå en langsiktig og allsidig betraktning som ivaretar denne rett også for etterslekten». Kan en forsvare å utvikle tvilsom ny grøn energi med disse juridiske prinsippa som bakteppe ?
2. Ei anna problemstilling er av demokratisk / sentrum-periferi karakter: Er det rett at staten, sentralmakta, skal kunne overstyra lokaldemokratiet i distriktskommunane og lokalbefolkninga sitt oppvekstmiljø og livskvalitet og til og med favorisera vindkraftutbygging gjennom gunstige rammevilkår som subsidierar private selskap som i neste instans tek ut profitten ?
3. Det er og problematisk at den lokale infrastrukturen av stiar, hytter, anlegg og anna tilrettelegging for lokalt idrett og friluftsliv ofte tufta på dugnad no kan bli ramma av forsert og sentralt bestemt utbygging av vindkraft. Eit døme på det siste er vårt lokale Fjellhaugen skisenter (alpint, langrenn, oppkjøyrde turløyper) som vil bli sterkt skadelidande om det kjem vindmøller på det populære ski og toppurfjellet Ingahogg rett i nærleiken.

4. Det er demoraliserande og undergravande for folks rettsoppfatning at ein tilsynelatande kan rasera natur og landskap med sentralmaktas velsigning mens det, i mange tilfelle, er nærast umogleg t.d. å få reist ei lita hytte eller hus på farsgarden.

Valestiftinga kan ikkje sjå nokon gode argument for å bygge ut landbasert vindkraft korkje i Kvinnherad eller andre plassar i landet når vi har så mange andre betre alternativ. Dei einaste som tenar på det er private selskap i inn og utland sterkt subsidiert av gunstige statlege rammevilkår.

Konklusjon

På bakgrunn av punkta over krever Valestiftinga at Kvinnherad må takast ut av Nasjonal Ramme for Vindkraft.

Reidar Handeland

leiar

Sven Løkeland

nestleiar